

# Kyrkje- helsing

september / oktober 2002

Nr. 4

## Konfirmantar i Haus

1. rad frå v: Anja Beate Røskeland Vatle, Johannes Melve, Veronika Hekland, Hilde Kristine Bøe
2. rad frå v: Kate Yvonne Solbakken Nymark, Tommy Hagenes (Hamre), Lene Ramberg, Hanna Rivenes, Ragnhild Edvardsdal Romslo, Elin Simmenes (Hamre), Øystein Aasheim, Camilla Aune Tennebekk
3. rad frå v: Stian Aasheim, Daniel Halleland Eidsnes, Daniel Heggøy, Brynjar Hundhammer Bruvik, Jan-Terje Bøe, Daniel Moen, Chris-Andre Berentsen

Foto: Rune Solberg





# Raunebær

Dette året har særleg seinsumaren vore framifrå, med lite regn og ein varme som er sjeldan på våre kantar. Haustværet ser framleis ut til å verta like bra. Kveldane merkar seg særleg ut. Visst kan det elles også vera både varmt og fint på kveldstid, særleg om du finn ein lun plass for nordavinden. Men når sola går ned og det kveldar, ja, då vert det ofta snøgt litt hustrig. Når no kveldsmørket kjem stendig tidlegare denne hausten, kjenner du framleis korleis linne sommarkveldar leikar, og vi skjørnar betre nemninga om «fløyelsmørke».

No må vi ikkje gløyma overskrifta om «raunebær». Dei tykkjer vi også har hatt gleda godværet, og veks særleg frodig og fyldig kringom. Dei friske raude bæra formeleg lyser på trea i innmark og utmark. Dei gamle fann mange teikn i det som gror, og det gjeld raunebær i fleire tydingar. Nokre seier at om der er mykje raunebær vert vinteren lett og med lite snø, for trea kan ikkje makte så stor ei bør to gonger på eitt år. Nokre seier tvert imot at mykje raunebær er teikn på ein hard vinter, for då får dyrelivet høve til å rusta seg opp med god næring.

Vi menneske gjer oss opp tankar om så mykje, og på ymse vis tek vi opp teikn i tida. Mange finn også sin leveveg ved ymse slags rådgjeving. Gode råd er dyre, heiter det også, og rådgjevar-levevegen treng ikkje vera den ringaste. Ikkje skal eg seia at vi ikkje alle treng gode råd til tider, men etter mi mening er grensa nådd når telefonrekninga vert skyhøg på grunn av diverse konsultasjonar med stjernetydaren.

Når vi skriv dette står datoén 11. september på kalenderen, og etter det forferdelege som hende i New York fjaråret, har det lydt mange dommedagsprofetiar. Visst må vi også verne oss mot vondskap og terror, men då må vi heller ikkje gløyme Guds ord om nestkjærleik og omsut. Eit anna gamalt ord seier at menneska spår, men Gud rår. Det er eit ord som står seg, men då må vi også sleppa Gud til i kvardagen vår. Hos profeten Jermia i kap. 29, vers 11 står det: For eg veit kva for tankar eg har med dykk, seier Herren, fredstankar og ikkje ulukkestankar. Eg vil gjeva dykk framtid og von.

Kva med raunebæra då? Vi får seie som reven: Høgt heng dei, og sure er dei!

*Kristen Stang*

## Gudstenesteverkstad

Før utdelinga til fireåringane vert det gudstenesteverkstad der me lagar store teikningar til kyrkja sundag.  
Fireåringane med familie, og andre er velkomne til å vera med.  
Gjerstad laurdag 28.september i kyrkja kl.16.00.  
Haus laurdag 16.november i kyrkjelydshuset kl.16.00.  
Bruvik torsdag 28.november på skulen kl.17.00.

## Fireåringane

Alle kyrkjelydane har i haust utdeling av Kyrkjebok til fireåringane. Dei som fyller fire år i 2002, får bøker i kyrkjene slik  
Gjerstad: 29/9  
Hamre:20/10  
Haus: 17/11  
Bruvik: 1/12  
Hosanger: 8/12  
Alle gudstenestene er kl.11.00.

## Temasamlingar i Haus

Tysdag 15.oktober  
kl.19.00. Kap. Brigt  
Sigve Skeie.  
Tysdag 12.november  
kl.19.00. Ole Øystese.  
Å veksa i kristen dømmekraft. Om Fil.1.

# *Det kristne fellesskapet*

Av Alf R. Kallestein

DEI HELDT TRUTT FAST VED LÆRA ÅT APOSTLANE OG VED SAMFUNNET, BRØDSBRYTINGA OG BØNENE.  
(Apg. 2,42)

Det var noko spesielt med dei første kristne. Dei var prega av tillit til Gud, godt fellesskap og omsorg for kvarandre. Folket ikring la også merke til korleis dei kristne praktiserte sitt nye liv :

*"Dei lova Gud og var godt likt av folket."*

Dei " heldt trutt fast ved... samfunnet ". I dette samfunnet er Herren sjølv til stades. Over alt der kristne kjem saman i Jesu namn, kan vi rekna med Jesus sitt nærvær. Jesus har knytta løfter til dei som samlast i små grupper :

*For der to eller tre er samla i mitt namn,  
Der er eg midt imellom dei. ( Matt. 18,20 )*

Samfunnet med dei kristne er særstakt både sosialt og åndeleg. Dersom vi forsømmer dette fellesskapet vert vi sløve, kalde og kraftlause. Jesus understreker ofte kor viktig det er at vi er samla om Guds ord for å få styrke og kraft til det daglege liv. Bilete om vintreet viser oss at vi ikkje kan leve som kristne utanfor samfunnet med vår Frølsar :

*Eg er vintreet, de er greinene. Den som er i meg, og eg i han, han ber mykje frukt ; men skilde frå meg kan de ingen ting gjera. ( Joks. 15, 5 )*

Som greinene får næring gjennom stammen, må vi som kristne møte opp i kyrkje og bedehus for å få næring for vårt åndelege liv. Du kan heller ikkje bera frukt dersom vi ikkje lever i livssamfunnet med Kristus.

La ikkje din plass stå tom når dei truande på staden samlast om Guds ord, nattverd og bøn. Ingen kan ta din plass.

## **OSTERØY PRESTEGJELD TILSETTE/ RÅD OG UTVAL**

Kyrkjekontoret v/Rådhuset

Opningstider:

Sumar: Man-Fre: 08.00.-15.00.

Vinter: Man-Fre: 08.00.-15.30.

(Måndag er fridag for prestar og organistar.)

Tlf. 56 19 22 80

Fax. 56 19 22 81

### **Direkte innval:**

Kristen Stang	56 19 22 71
---------------	-------------

Mikal Toska	56 19 22 72
-------------	-------------

Johannes Melve	56 19 22 82
----------------	-------------

Brigt S. Skeie	56 19 22 83
----------------	-------------

Liv Skoglund	56 19 22 84
--------------	-------------

Kåre Rivenes	56 19 22 85
--------------	-------------

### **Prestane:**

Sokneprest Johannes Melve

Priv. tlf. 56 39 00 11, Haus

Kapellan Brigt S. Skeie

Priv. tlf. 56 39 31 00, Hosanger

### **Kyrkjemusikk:**

Kantor Kåre Rivenes

Priv. tlf. 56 39 06 26

Organist Liv Skoglund

Priv. tlf. 56 39 26 64

### **Kyrkjeleg fellesråd:**

Leiar: Norvald Vedå

Nestleiar: Agnar Vevle

Otto Mo

Einar Johnny Selvik

Kjartan Tysse

Johannes Melve

Alf R. Kallestein

### **Soknerådsleiarar:**

Bruvik: Wenche Fiskesteth

Gjerstad: Svanhild Hartveit

Hamre: Inge Arve Birkeland

Haus: Marit Skjeldal

Hosanger: Gyda Tveiten Leweis

### **Kyrkjehelsing redaksjonsnemnd:**

Redaktør Olav Meltvik

Tlf. 56 39 52 27

Fax «

Johannes Melve

Kristen Stang

Øyvind Vevle

## Stat / kyrkje

Alle sokneråda og Fellesrådet har gjeve si fråsegn om Stat/kirke innan fristen 2. september. Dei fleste gjekk inn for å halda på statskyrkjeordninga framleis.

**Frivillighets-sentralen** på Osterøy treng fleire hjelparar. Disponerer du bil og kan tenkja deg å vera besøksven kontakt telef. 56 19 21 27 eller 56 39 1821.



Frivillighetssentralen

Korleis har du det...

**EIGENTLEG?**

Krisetelefon

815 33 300

Epost-teneste:

[www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)

FÅ EIT MENNESKE Å  
SNAKKE MED NÅR  
LIVET ER SOM VERST

Innleveringsfrist

nest nr. er:

**1. november**

**Stoff kan sendast til:**

**Olav Melvik**

**5284 Jussebotn**

# Familiegudstjeneste



Bruvik kirke - søndag 25. august kl. 16.30 v/sokneprest Johannes Melve. Omrent 90 personer var møtt fram til familiegudstjenesten.

8-åringene, se bildet, hadde 100% frammøte da de mottok boka «Skjekk kyrkja».

Neste vårs konfirmanter ble presentert for menigheten, 5 i tallt, og fikk konfirmantbibelen. Denne kvelden var det 2 som ble døpt. Ansvarlig for det

musikalske var kantor Kåre Rivenes.

Som avslutning inviterte Bruvik sokneråd på brus, kaker og kaffe.

**Wenche Fiskesteth  
leder**

# Familie nytt



## HAUS

### Døpte:

16.06 Anders Andersen Lillejord  
 16.06 Runar Sakstad Bruvik  
 16.06 Heidi Salvesen  
 16.06 Ariana Johanson  
 18.08 Verner Mostraum Stokke  
 18.08 Morten Sognnes Rivenes  
 18.08 Malin Hauge Bøe  
 18.08 Sandra Steien Sakstad  
 08.09 Ole Vemmalvik

### Vigde:

22.06 Ståle Daltveit og Kristine Refsnes

### Gravlagde:

02.08 Jarle Bøe (f.1949)  
 15.08 Sigfrid Vatle (f.1927)

## GJERSTAD

### Døpte:

30.06 Elias Eknes  
 30.06 Asbjørn Revheim Vevle  
 30.06 Kristian Njåstad  
 14.07 Sebastian Birkeland Solberg (Døpt i Hosanger)  
 21.07 Sandra Helland  
 28.07 Eli Engen Klausen (Døpt i Tennes kirke)  
 25.08 Emma Kollvangsnes Solberg  
 08.09 Veronika Rød (Døpt i Hosanger)

### Vigde:

08.06 Ketil Helland og Linda Espenvoll  
 27.07 Jørn Fjellskålnes og Grethe Nerdalen (Vigd i Froland kirke)  
 31.08 Ingmund Sætrevik og Ann

## Helen Solberg

31.08 Tore Kalleklev og Sissel Espeseth

### Gravlagde:

23.04 Eivind Solberg (f.1901)  
 21.06 Bergit Nygard (f.1921)  
 08.07 Sverre Hartveit (f.1922)  
 04.09 Magnhild Jenny Birkeland(f.1919)  
 06.09 Borgny Langeland(f.1920)  
 10.09 Maria Hannisdal(f.1915)

## BRUVIK

### Døpte:

04.08 Rebecka Hekland Bøe  
 04.08 Heidi Borge  
 25.08 Elias Aspevik  
 25.08 Malin Berentsen Vassdal

### Vigde:

15.06 Sølve Bruvik og Åse Norunn Nedrebø  
 17.08 Onar Stokke og Eva Ann Fredheim

### Gravlagde:

25.06 Ella Bjerregård (f.1946)  
 02.07 Olaug Stokke(f.1907)

## HAMRE

### Døpte:

09.06 Kasper Håland  
 09.06 Håkon Bru Reigstad  
 07.07 Tobias Berge  
 07.07 Tarjei Solberg Kristensen  
 07.07 Gabriel Vatle  
 07.07 Frida Indrebø  
 21.07 Sebastian Berentsen Falkmo (Døpt i Gjerstad)  
 11.08 Anna Malt Marøy  
 01.09 Sara Madelen Marøy

### Vigde:

08.06 Rolf-Arne Stenersen og Mona Strømsnes

15.06 Arve Kalland og Eli Hundhammer

22.06 Geir Iversen og Heidi Marie Efteland

22.06 Bjørn Bolset og Kristin Elvik

29.06 Gisle Raknes og Eva Kine Ruud Olsen

13.07 Eivind Raknes og Vebe Hanssen

27.07 Yngve Tveiterås og Ingunn Åsheim

10.08 Espen Dieseth og Marit Ingeborg Kleppe

24.08 Tor-Henning Langøen og Irene Vedå

31.08 Bjørn Osland og Anita Cesilie Ekros

07.09 Thomas Magnus Bekken og Frøydis Bergheim

### Gravlagde:

06.06 Ole E. Raknes(f.1919)

26.07 Alvild Elisabeth Kåstad(f.1916)

31.07 Bjarne Andreas Bjørnsen(f.1921)

05.09 Astrid Margit Elvik(f.1920)

## HOSANGER

### Døpte:

07.07 Celina Marie Beckstrøm Lindroos (Døpt i Hamre)

04.08 Håvard Hole Styve Mjelde

### Gravlagde:

04.06 Terje Bernes(f.1958)

13.06 Odd Revheim(f.1914)

26.06 Sverre Bernes(f.1917)

03.07 Svein Beckstrøm (f.1936)

28.08 Anna Stordal(f.1910)



# Velkommen til kyrkja

## KYRKJESKYSS TIL GJERSTAD

For dei som ynskjer å koma til kyrkje, men har problem med skyss, er det mogleg å ringja til ein av desse:  
Agnar Vevle, tlf. 56 39 43 53  
Rune Revheim, tlf. 56 39 21 04

Ver ikkje redde for å ta kontakt. Me ynskjer at folk kjem til kyrkje, og tykjer det er leitt at skyssen skal vera eit hinder. Om ikkje dei oppsette personane køyrer sjølv, får dei andre til å gjera det.

Kyrkjesskyss til  
Hosanger  
frå Tysse,  
ring Olav Meltvik,  
tlf. 56 39 52 27.

**Kyrkjesskyss til Haus kyrkje**  
Desse personane kan  
kontaktast pr. telefon:  
Berit Torp 56 39 03 59  
Einar Johnny Selvik  
98 06 48 54

## Dåp

Det høver med dåp desse dagane:

Hamre: 15/9, 20/10, 1/12 og 26/12.

Hosanger: 22/9 og 8/12

Haus: 17/11

Gjerstad: 29/9, 24/11 og 26/12

Bruvik: 1/12

### 15.september 17.sundag etter pinse. Luk.7,11-17.

Hamre kl.11.00.

Høgmesse. Skeie. Presentasjon av konfirmantane. Dåp. Takkoffer til Children at Risk Foundation. Song av kor frå UV/UK.

### 22.september 18.sundag etter pinse.Joh.8,31-36.

Haus kl.11.00.

Misjonsgudsteneste. Melve. Nattverd. Misjonær Åshild Furukawa preikar. Takkoffer til kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt.

Hosanger kl.11.00.

Høgmesse. Skeie. Presentasjon av konfirmantane. Dåp. Takkoffer til Kirkens SOS, Bergen. Kyrkjekoret

### 29.september 19.sundag etter pinse. Mark.10,17-27.

Gjerstad kl.11.00.

Familiegudsteneste. Melve. Dåp. Utdeling av Kyrkjebok til fireåringane.

Bruvik kl.16.30.

Gudsteneste. Melve. Utsending frå NLA preikar. Takkoffer til NLA.

### 6.oktober 20.sundag etter pinse. Joh.9,1-7 og 35b-38.

Hamre kl 11.00.

Høgmesse. Melve. Nattverd. Song av ungdomskoret "Accord" frå Åsane. Takkoffer til NKSS.

Gjerstad kl.19.00.

Lovsongskveld.

### 13.oktober 21.sundag etter pinse. 1.Mos.2,18-24.

Hosanger kl.11.00.

Høgmesse. Skeie. Nattverd. Takkoffer Dei fire diakoniinstitusjonane.

### 20.oktober 22.sundag etter pinse.Matt.11,25-30.

Haus kl.11.00.

Høgmesse. Melve. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Hamre kl.11.00.

50års konfirmantane møtest.

Familiegudsteneste. Skeie. Utdeling av Kyrkjebok til fireåringane. Takkoffer til Bergen sundagsskulekrins.

### 27.oktober Bots og bededag. Luk.13,23-30.

Bruvik kl.11.00.

Bededagsgudsteneste. Melve. Nattverd. Takkoffer til Kirkens nødhjelp. 50års konfirmantane møtest.

Gjerstad kl.11.00.

Bededagsgudsteneste. Skeie. Nattverd Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. 50års konfirmantane møtest.

### 2.november kl.17.00.

Hosanger kl.17.00.

Minnegudsteneste. Skeie.

Gjerstad kl.17.00.

Minnegudsteneste. Melve

### 3.november Helgemesse. Matt.5,13-16.

Haus kl.11.00.

Høgmesse. Skeie. Nattverd. Takkoffer til Kirkens bymisjon. Kyrkjekoret

Hamre kl.11.00.

Høgmesse. Melve. Nattverd. Takkoffer til Kirkens SOS,Bergen

Gjerstad kl.19.00

Lovsongskveld

**10.november 25.sundag etter pinse. Joh.6,37-40.**

Hosanger kl.11.00. Høgmesse. Personalprest Trygve Danielsen. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

**17.november 26.sundag etter pinse. 1.Tess.5,1-5.**

Haus kl.11.00. Familiegudsteneste. Sekretær Nils Arne Lavik. Utdeling av Kyrkjebok til fireåringane. Sundagsskulens dag. Borghild Melve preikar. Takkoffer til Østerøy sundagsskulelag. Kyrkjekaffi.

Bruvik kl.11.00. Høgmesse. Skeie. Nattverd. Kyrkjekoret

**24.november. Siste sundag i kyrkjeåret.  
(Domssundagen). Matt.25,1-13.**

Gjerstad kl.11.00. Familiegudsteneste. Skeie. Sundagsskulens dag. Takkoffer til Bergen sundags-skulekrins. Kyrkjekaffi.

**1.desember 1.sundag i advent. Matt.21,1-9.**

Hamre kl.11.00. Familiegudsteneste. Skeie. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Bruvik kl.11.00. Familiegudsteneste. Melve. Utdeling av Kyrkjebok til fireåringane Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Haus kl.19.00. Ljosmesse. Melve og konfirmantane.

**8.desember 2.sundag i advent. Luk.21,25-33.**

Haus kl.11.00. Høgmesse. Melve.Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarb.

Hosanger kl.11.00. Familiegudsteneste. Skeie. Utdeling av Kyrkjebok til fireåringane. Takkoffer til Bergen sundagsskulekrins.

**15.desember 3.sundag i advent. Matt.11,2-10.**

Gjerstad kl.11.00. Høgmesse. Melve.Nattverd.

Bruvik kl.17.00.

Takkoffer til Kirkens SOS.

Ljosmesse og jolekonsert . Melve og konfirmantane. Haus musikklag spelar.

**21.desember**

Gjerstad kl.19.30.

"Vi lovsing julia inn". Lovsongskveld.

**22.desember 4.sundag i advent. Joh.1,19-27.**

Tysse bedehus kl.11.00. Gudsteneste. Skeie. Takkoffer til Kristeleg Kringkastingslag.

**24.desember Jolaftan. Luk2,1-14.**

Bruvik kl.12.30.

Familiegudsteneste. Melve. Takkoffer til Frivillighetssentralen.

Gjerstad kl.14.30.

Familiegudsteneste. Melve.

Haus kl.16.00.

Takkoffer til Kirkens nødhj.

Hamre kl.14.30.

Familiegudsteneste. Melve.

Hosanger kl.16.00.

Takkoffer til Kirkens nødhj.

**25.desember Joledag. Joh.1,1-14.**

Haus kl.11.00.

Høgtidsgudsteneste. Melve. Takkoffer til Det norske misjonsselskap. (NMS).

Hamre kl.11.00.

Høgtidsgudsteneste. Skeie. Takkoffer til NMS

**26.desember 2.joledag. Matt.10,17-22.**

Gjerstad kl.11.00.

Høgtidsgudsteneste. Melve. Takkoffer til NMS.

Hosanger kl.11.00.

Kyrkjekoret

Høgtidsgudsteneste. Skeie.

Takkoffer til NMS

**29.desember Sundag etter jol. Luk.2,25-38.**

Bruvik kl.11.00.

Høgmesse. Melve Takkoffer til NMS.

**31.desember Nyårsaftan. Luk.13,6-9.**

Hosanger kl.23.00.

Midnattsmesse.

Frå Æ. Aadland ,Hamre har me fenge tilsendt ein liten andakt frå boka "Stille stunder på veien hjem" av H.E. Wisløff. frå 1952.

8. mai. --- forat eders bønner ikke skal hindres. 1. Pet. 3, 7.

gode vaner er ikke å forakte. Men hvor bønnen bare blir en vane, er den ikke blitt det Gud har tenkt den til.

for Gud.

Det er bare den som er ærlig for Gud, som ber rett. Bønn er å overgi seg i Guds hender. Bønn er ikke å kommandere Gud. Bønn er heller ikke å ville ha Gud som livsforsikring. Bønn er hel overgivelse til Gud.

Det er mange måter å be på, men det er bare en måte som er rett.

Noen ber også for syns skyld, sa Jesus. Den har ingen verdi. Enhver av oss gripe i sin egen barm.

Er det noe som hindrer din bønn ? Vær nå ærlig for Gud. La hans lys få falle inn over hele ditt liv. Den som lever i lyset ber også rett.

Det er de som ber av plikt. De vil være kristne, og skal de være det, må de avlege Gud en liten visitt av og til.

Det er også dem som nok ber, men livet de lever er slik at bønnen hindres. De ber, men tar ikke i mot Guds kraft til et helligt liv. De lever i hemmelig eller åpenbar synd. De er ikke ærlige

Andre ber av vane. Men egentlig vil de ikke Gud noe. De ber en aftenbønn og et Fadervår og dermed blir det. Nå,

## Konfirmantar i Bruvik



1. rad frå v: Malin Bruvik, Johannes Melve, Anja Skulstad Bjørgo. 2. rad frå v: Natalie Karoline Stokke Bruvik, Stina Kallekleiv Hanstveit, Vegard Hermansen, Espen Vik, Veronika Hagenes, Daniel Bratholmen Foto: Rune Solberg

## Konfirmantar i Gjerstad



1. rad frå v: Catrine Solberg, Lisa Gjerstad Revheim, Johannes Melve, Stina Aakre Vevle, Siri Wold Skjerpings. 2. rad frå v: Elin Tinbod, Ane Soldal Hagebø, Nordpoll Siri Beate, Marie Skare Solberg, Connie Bergstad Hagebø. 3. rad frå v: Eirik Lohne Rongved, Fick Daniel Fredrik, Aleksander Georg Knutsen, Kim Ole Ludvigsen Lillejord, Kaj Rune Vedå Stokstad, Frode Solberg. 4. rad frå v: Tore Hartveit Ingebrigtsen, Espen Rongved Jacobsen, Kristian Daltveit, Andreas Hovden, Remi Andre Angell Konradsen. Foto: Rune Solberg

## Konfirmantar i Hamre



1. rad frå v: Marianne Daltveit, Anne-Grethe Holsen, Ida Mostrøm Nilssen, Brigt Sigve Skeie, Cecilie Kallekleiv, Sølvi Steffensen. 2. rad frå v: Åse-Jeanette N. Børtevit, Linda Helen Helgesen, Eirin Schelderup, Line Raknes Hjellvik, Sigrid Reigstad, Isabella Foldøy, Åshild Presttun Tjong, Elin Simmenes, Adelheid Rundhovde Greve, Margrete Fjellby. 3. rad frå v: Terje Burkeland, Mats-Ove Widme, Erlend Indrebø Raa, Svein Ingvar Elvik, Joar Sæbø Øksnes, Kjetil Angelskår, Andre Eidsheim Raknes, Tony Andre Røskeland, Morten Stald. Foto: Rune Solberg

## Konfirmantar i Hosanger



1. rad frå v: Siri Hanstvedt Myking, Marianne Birkeland, Brigt Sigve Skeie, Stine Strømme, Ida Mjelde Hanstveit. 2. rad frå v: Gry Dammen Tyssebotn, Line Hellenvang, Håkon Hole Lønning, Siren Tysse Bysheim, Malene J. H. Gjerstad. 3. rad frå v: Martin Hole Hanstvedt, Øyvind Øvsthus, Stein J. O. Hanstvedt, Kenneth Siglevik Grimstad, Arild Forthun, Audun Kleppe. 4. rad frå v: Cato Steinsland Fotland, Stefan Nesse, Anders Rolland, Roger Tysse, Eirik Hagen Hella. Foto: Rune Solberg

# Soknepresten har ordet: Barnetru og vaksen tru

Mange menneske fortel at dei har si barnetru. I intervju i våre dagar er det ofte spørsmål etter tru og mangel på tru, kristendom og andre livssyn. For 30 år sidan var dette område ein svært sjeldan såg i intervju. Heldigvis har me fått opnare samfunn på den måten at tru ikkje berre er ei privatsak som ingen andre har noko med. Når mange fortel at dei har teke vare på si barnetru, er det ikkje alltid like klårt kva dei meiner.


Barnetru kan vera 1. barnet si tru. Som vaksne veit me at ting ser annleis ut enn me trudde som barn. Trua som alle andre ting utviklar seg. Som vaksne trur me på ein annan måte enn barn gjer. Trua er i utvikling heile livet, for ho heng saman med livet. Barnetru kan då vera den trua som høyrd barndomen til, eit stadium me er ferdige med når me vert vaksne. I denne tydinga vil eg ikkje sjå på barnetru som noko positivt når vaksne menneske omtalar

henne.

Barnetru kan 2. vera det grunnleggjande i trua. Me talar gjerne om barnelærdomen, som det viktigast i trua. Luther vesle Katekisme er døme på at det viktigaste i trua er samla i overkomelege ord og setningar. I denne tydinga er barnetru eit positivt ord. Når det fundamentale i kristen tru er samla i barnetrua, har ein det viktigaste. Som vaksne ser me annleis på livet enn born vil gjera, og då er det godt at barnetrua held. Når det viktigaste i trua er samla om Jesus og alt han gjorde for å frelsa oss, då er me i sentrum av all kristendom.

Ofte er ikkje berre orda me brukar som avslørar oss, men endå meir kva me legg i orda. Og når barnetru står for det grunnleggjande i trua, fortel ordet at me er på trygg grunn.

J.M.



## Temakveldar på Valestrand bedehus hausten 2002.

Indremisjonslaga på Osterøy vil arrangera 4 bibelkveldar på Valestrand i oktober.

Dei to første bibeltimane er det Øystein Rønhovde frå NLA som tar opp temaet: Kristi lemmer i funksjon.

**Onsdag 2. okt. kl. 19.00: Det almenne prestedøme og nådegåvene.  
et almenne prestedøme og**

**Onsdag 16. okt. kl. 19.00: Når Andens gåver er tru, helbredelse, tala profetisk, tungetale.....**

**Når Andens gåver er tru, helbredelse, tala profetisk, tungetale**

**Onsdag 23. okt. og onsdag 30. okt. kl. 19.00** får vi besøk av Jan Ranrud.

Temaet desse kveldane blir: **Fokus på Israel i eit bibelsk perspektiv.**

Begge har sitt daglege arbeid på lærarhøgskulen på NLA på Breistein og underviser i kristendom, og dei har mykje kunnskap på feltet.

Det vil bli tid til samtale og spørsmål og ei enkel servering.

Kveldane vil og bli kunngjort nærmare i lokalavisene.



På  
kyrkjebakken

# Kyrkjemåling

Denne sumaren kan vi gle oss over at 2 kyrkjer vert måla. Haus og Hosanger kyrkjer står snart ferdig nymåla og fine, med god gamaldags linoljemaling. For Hosanger gjeld det rett nok berre treverket i tårn og gavlar, då det som er av mur vert oppmåla til kyrkja sitt 200 års jubileum i 1995.

Før arbeidet vart sett i gong rådførte vi oss med fagkunnige folk, som kunne fastslå at trematerialet i kyrkjene framleis er av svært god kvalitet, men at den gamle målinga var svært oppsprekt og därleg. For å taka vare på treverket vidare, er det difor viktig med ei grundig og fagmessig handsaming. Såleis har det no vore gjort eit stort arbeid, med reingjering, skraping og sliping, og sidan med impregnering og soppvern, for så å flikke på og føre på 2 gode strøk med original linoljemaling. Alt utført med skikkeleg reiskap, og av fagkunnige folk.

Naudsynt stellingsmateriell er også ein viktig del av arbeidet, og her må ein stetts strenge krav til helse og

tryggleik. Når kyrkjebygga skal gjennom 7-8 ulike operasjonar, og tømrar og blekkslagar dessutan skal ha tilkomst til flikk- og opprettingsarbeider, er det uråd å nytta anna lyftredskap (lift). Her kan vi også nemne at leige og oppsetjing av stellingane går inn som ein fast sum i tilbodet, og det vert då sjølvsagt ikkje noko tillegg om entreprenøren fann det mest praktisk for sin del å montera stellingane før ferietida.

Av respekt for det forfedrane våre ytte til bygginga i tider med langt mindre rikdom enn i våre dagar, skyldar vi å taka vare på kyrkjene på sørmeleg vis. Vi er difor svært takksame for at kommunen no tar ansvar for kostnadene til eit lån på 1.8 mill. kroner til ekstra vedlikehald, og vi er kome godt i gong med eit program for utvendes oppussing av alle kyrkjene på Osterøy. Bruvik kyrkje vart måla og utvendes sett i stand i år 2000, og dette året gjeld det altså Haus og Hosanger kyrkjer. Vi har også starta arbeid med å leggja

tilrette for oppstart til våren av tjørebredning av Hamre kyrkje. Gjerstad kyrkje vonar vi også at vi snart skal få måla.

Det er også mykje anna arbeid som vi treng gjera både på kyrkjene og kyrkjegardane. Her vil vi no berre særleg nemna vidare brannsikring av Hamre kyrkje, som må ha overrisslingsanlegg for at vernet skal vera godt nok. Osterøy har fått ei rik arv å bere i form av 5 prektige kyrkjer, men dette gir også eit stort ansvar. Først og fremst til å fylle kyrkjene med det rette innhald til oppbygging og tru, men også til å halda bygga i hevd.



Over: Arbeid på Haus kyrkje.



Bernhard Lilletvedt (t.v.) og Brian Hallsteinsen fra malerfirmaet K. Nilsen AS i fullt arbeid på Haus kyrkje.

# Felles sommaravslutning på Raknestunet for alle søndagsskulane på Osterøy



Over: Song og musikkmøte: «Alle, alle vil vi ha med!»

Søndag 26. mai samlast alle søndagsskulane til fellesavslutning på Raknestunet. Dette har etterkvart blitt ein tradisjon som me har hatt nokre år, og det var mange som hadde funne vegen til Raknestunet denne fine søndagen. Då me samlast til familiegudsteneste kl. 11.00. var møtesalen bortimot fullsett. Me hadde Odd Sverre Hove, redaktør i avisa Dagen, som gjestetalar. Han talte over søndagsskuleteksten om Peter som vart fridd ut av fengselet av ein engel,



Over: Søndagsskule. Borna syng.

vaksne var med. Dette var tydeleg eit populært tiltak med ulike aktivitetar, der alle deltok.

Me avslutta samværet med song og musikkmøte. Ragnhild Kaldestad leia songavdelinga der me fekk læra litt nye songar. Også søndagsskuleborna var framme og song. Eit fint

T.v: Sporløp. Her er det Haus søndagsskule som er i aksjon.




## Nytt frå:

Kyrkjeleg Fellesråd  
Osterøy Prestegjeld  
v/dagleg leiar Kristen Stang



To søndagskuljenter gledde oss med song, Ingrid og Ragnhild.

songinnslag av to jenter fra Valestrand fekk vi og. Det var premieutdeling til dei heldige spørloppvinnarane. Aksel Solberg



Odd Sverre Hove

avslutta samværet med ein frisk og god appell. Både store og små fekk vi oppleva ein dag med eit rikt åndeleg og sosialt fellesskap. Ikkje alle søndagsskulleflokkanne er like store, derfor er et godt at me kan koma saman å sjå at me er mange til saman. Me er mange som vil høyra om Jesus.

Madli Hannisdal

# Sikring av gravminne

Denne sumaren har det vore skrive i alle landets aviser om den forferdelege ulukka i Stjørdal, der eit barn fekk velta ein gravstein over seg og omkom.

På Osterøy vart det allereie tidleg i 1990-åra utført eit større arbeid med opprettig og bolting av gravsteinar. Alle nye gravsteinar etter dette vert også sikra etter føresegna, ved Kyrkjeleg fellesråd sine eigne tilsette. Likevel syner det seg no at det kan vera steinar som ikkje fullt ut er sikra etter føresegnene, og sjølv om veltig av ein gravstein heldevise ikkje alltid treng å få like tragiske utfall som i Stjørdal, er dette noko som likevel ikkje skal skje.

Det er dei pårørande som skal bere alle kostnadene med framskaffing og oppsetjing av gravminne, men Kyrkjeleg fellesråd har også ansvar for tryggleiken ved kyrkjegardane.

Av omsyn til tryggleiken vil vi no straks gå over alle kyrkjegardane att, og kontrollere festinga av gravsteinene. Dei som ikkje er fullnøyande sikra vil verta lagd ned, til ein i samarbeid med dei pårørande kan få utført det sikringsarbeidet som

er naudsynt.

Vi har også tidlegare nemnt arbeidet med å oppretta eit fullstendig gravregister, der også dei pårørande som har ansvar for grava er notert. Dette arbeidet er enno ikkje fullført. Det kan difor verta vanskeleg for oss å få kontakt med dei rette pårørande der vi må leggja ned ein gravstein. Vi ber difor at dei pårørande sjølv ser etter på kyrkjegardane om det er ein Stein dei har ansvar for som er lagt ned.

Kyrkjeleg fellesråd har fastsett at steinar som vert lagde ned, og der ein ikkje finn tak i pårørande, skal verta liggjande urørte til den 1. mai 2003. Etter den tid vil dei verta samla på kyrkjegardane og tekne vare på i eit år slik føresegna krev.

I samband med det arbeidet som no er nemnt vil vi no også gå over kyrkjegardane og fjerne dei gravsteinane som alt har ligge nede ei tid. Desse vil vi også samle på kyrkjegarane ei tid før vi fjerner dei heilt.

**Kristen Stang**



# Brev til dei yngste: Du er sakna!

Kvar hen spør du kanskje. På søndagsskulen! Der er det plass til mange, mange fleire, og det er plass til deg. Det står ein tom stol og ventar på deg. Det sit ein gut og ei jente som ville vera glad viss du kom, så vart det endå fleire.

Kva gjer me på søndagsskulen.? Me syng, me høyrer frå Bibelen, me teiknar, dramatiserer og leikar. Det er ikkje kjedeleg, det trudde kanskje du. Det kom ei lita jente på søndagsskulen for første gong. "Eg skal forsetta viss det er kjekt," sa ho. No har ho snart gått i to år. Trur du ho syns det er kjedeleg? Nei, då hadde ho ikkje kome igjen. "Kvífor er det så lenge sidan du har vore her?" spurte ho meg den søndagen eg kom og skulle vera vikar. Tenk at ho hadde sakna meg. Det gir ei god kjensle, det å få bety noko for nokon. Du er verdifull. Du betyr noko. Aller mest betyr du noko for Gud! Han har skapt deg, Han elskar deg. Og i dåpen gjorde Han deg til sitt barn. Han vil så gjerne at du skal få læra meir om Han, og det kan du få på søndagsskulen. På søndagsskulen får du høyra om Jesus, ikkje berre når Han vart fødd i ein stall, men alt det Han gjorde når Han var her på jorda og at Han kom for å frelsa oss. Bibelen er full av spennande forteljingar. I sommar møtte eg ei jente som sa til meg: "Eg har funne ei spennande bok!" Kva bok trur du det var? Det var Barnebibelen. Kom på søndagsskulen til hausten så får du høyra mange spennande forteljingar frå denne boka!!!!!!

# Brev til foreldra: Du og er sakna.....

Prioriter søndagsskulen!!!!!! Det er så mange aktivitetar i dag som borna våre kan vera med på. Men den aller viktigaste er søndagsskulen. Som foreldre har me ved døypefonten lova og oppseda borna våre i den kristne forsaking og tru. Me lever i ei tid då borna våre vert utsett for mange påverknader gjennom ulike kanalar og ikkje alt er like sunn kost. Vil me gi dei kristne verdiane vidare til borna våre? Eller er me likegyldige, det betyr ikkje noko kva dei lærer eller kva dei nærer seg med? Som foreldre tenkjer me ikkje slik. Me ynskjer å gi borna våre det beste. Dei er det dyrebaraste me har. Me ynskjer å gi dei god, sunn og verdifull ballast med vidare i livet

På søndagsskulen ynskjer me å hjelpe dykk som foreldre med å gi borna kristen kunnskap gjennom bibelforteljingar, songar og ulike aktivitetar.

La ikkje plassen til ditt barn stå tom. Kom gjerne du og å vær med! Det er ikkje uvanleg i dag at foreldra er saman med borna på søndagsskulen. Kanskje er det og nokon som har lyst å vera med å hjelpa til. Det er plass for deg og!!!

På desse stadane finn du søndagsskule: Tysse bedehus, Fitje bedehus, Haus kyrkjelydshus, Hauge bedehus, Valestrand bedehus, Hamre borgstova, Hjellvik bedehus. (Vi vonar og at det vert starta opp igjen på Skistad til hausten).

Er det ikkje søndagsskule der du bur? Vær med å be om at nokon må kjenna seg kalla til å gå inn i denne tenesta!!!

Helsing  
Madli Hannisdal

Leiar i Osterøy søndagsskulelag.

# Temakveldar

## i Hosanger kyrkje

Det vil og denne hausten verta temakveldar i Hosanger kyrkje.

Emna skulle vera aktuelle, og dei vil verta belyste av dyktige talarar.

**Onsdag 16. oktober kl. 19.30:**

**Når livet blir for vanskelig** Overlege Stein Husebø

**Torsdag 31. oktober kl. 19.30:**

**Når foreldrerolla vert for vanskeleg** Psykolog Frode Thuen

**Onsdag 13. november kl. 19.30:**

**Har vi stein i våre hender?** Sokneprest Harald Grønnevik

**Stein Husebø** er overlege ved Bergen Røde Kors Sykehjem. Han har arbeidd mykje med omsorg for kreftpasientar og tilhøva for dei eldre sjuke. I sin eigen familie har han opplevd sjølv mord.

**Frode Thuen** er oppteken av barns oppvekstvilkår, det å vera foreldre og samlivsrelasjonar. Han underviser på Universitetet i Bergen. Han stod bak programserien Barndommens rike som vart sendt på NRK sist vinter.

**Harald Grønnevik** er no sokneprest i Sund. Han har vore kapellan på Osterøy 1975 - 80, med bustad i Hosanger.

Songstund, tale, enkel ervering og til slutt høve til spørsmål.

Siste kvelden vert avslutta med nattverd.

VEL MØTT.

**søndag 27. oktober**

kl 19.00

**'Deg å få skode'**

I samarbeid med Osterøy kyrkjekor inviterer ensemblet 'Trio Tritonus' til konsert/salmekveld i Gjerstad kyrkje søndag 27. oktober. Ensemblet er ein messingtrio med Reidar Hjelmengen, trompet, Christian Holter, horn og Benedikte Follegg, trombone som alle har studert ved Griegakademiet i Bergen men no er busett delvis i Bergen, delvis i Oslo.

**Trio Tritonus** har spesialisert seg på salmar og har til denne



konserten henta fram ein fin bukett frå våre song- og salmebøker i vakre arrangement av Christian Holter.

Inngang kr 100.- / 50.- , fam maks kr 200.-

# *Jeg så en liten rose*

*Nokre vers som kan liknast på  
menneskelivet frå unge år og  
oppover åra ei tid.*

Jeg såg en liten rose,  
så lubben rød og fin.  
Den stod blandt lyng og mose  
i drømmehaven min.



Den bor innunder fjellet  
der har den og sitt hjem,  
og ofte kan jeg se den  
hvor lett den tar seg frem.

Den spares ei for farer,  
men går frimodig frem.  
Vi hører den sjeldan klager,  
den skuer opp og frem.  
Den ser de store skarer  
som alt er kommet hjem.

**Ingrid Hatland Røsland**